

Bygdeutviklingsmidlar til utviklingstiltak i landbruket

Har du ein forretningsidé som du ønskjer å undersøke nærmare og vidareutvikle til næringsverksemd?

Du kan søkje om bygdeutviklingsmidlar til å utvikla eller vidareutvikla ny næring på bruket ditt.

Føremålet med bygdeutviklingsmidlane

Bygdeutviklingsmidlane (BU-midlane) skal nyttast til å legge til rette for næringsutvikling som danner grunnlag for langsiktig, lønsam verdiskaping og desentralisert busetting med utgangspunkt i landbruket sine ressursar generelt og landbrukseigedommen spesielt. Det skal også leggast til rette for eit landbruk der kvinner og menn vert gitt like muligheter.

Målgruppe for BU-midlane

Hovedmålgruppe for BU-midlane er personar og bedrifter med tilknytning til landbrukseigedomar. Andre som på ein særleg måte medverkar til utvikling av bygdene, kan også kome inn under BU-ordninga.

Særleg prioriterte målgrupper er unge under 35 år og det underrepresenterte kjønn.

BU-midlane gjeld for heile fylket, men er retta spesielt inn mot bygdene. Generelt sett skal forvaltninga ha ein klar distriktsprofil. I marginale utkantsamfunn skal ein strekke seg langt for å få til nye nærings- og utviklingstiltak. Også i andre bygder med klart utkantpreg har prioritet i arbeidet med landbruksbasert næringsutvikling.

Når det skal løyvast BU-midlar til eit konkret tiltak, gjeld fylgjande prioritering:

- Midlane skal vera utløyssande for at tiltaket vert gjennomført
- Det er krav om bedrifts- og /eller samfunnsøkonomisk lønsemd:
 - Utviklings- og tilretteleggingstiltak må vise vekstpotensiale
 - Investeringsstiltak må vera bedriftsøkonomisk lønsame
- Samspel mellom fleire aktørar har prioritet
- Nyskaping har høg prioritet

Etablerarstipend

Det kan løyvast etablarstipend til å førebu og etablere ny verksemd med ekspansjonsmoglegheiter på inntil 75% av godkjent kostnadsoverslag.

Stipendet kan omfatte både:

- utviklingsfasen, dvs. før etablering av verksemda, og / eller
- etableringsfasen, dvs. oppstarting av verksemda i mindre skala.

Aktuelle tiltak som kan takast med i stipendet:

- Opplæring
- Marknadsundersøking
- Konsulentkostnader
- Avgrensa prøveproduksjon
- Fadderordning / fagleg oppfølging
- Mindre investeringar
- Marknadsarbeid

Bedriftsutvikling

Til å vidareutvikle satsinga på ny næring på bruket kan du søke BU-midlar til bedriftsutvikling. Det kan løyvast tilskot til tiltak innan:

- produktutvikling
- kompetanseoppbygging
- marknadsundersøkingar
- testsalg
- nettverksbygging
- marknadsføring av nye produkter m.m.

Det kan løyvast inntil 50% av godkjent kostnadsoverslag.

For personar under 35 år og det underrepresenterte kjønn kan det løyvast tilskot med inntil 75% av godkjent kostnadsoverslag.

BU-midler til investeringar i nye næringar

Til investeringar i nye næringar i landbruket kan det elles løyvast:

- investeringstilskot
 - rentestøtte for reduksjon av avtalt rentenivå på lån til investeringar
 - tilskot ved generasjonsskifte på bruk som frå før har nye næringar
- Sjå eige produktark om dette.

Prioriterte tiltak innfor nye næringar

Strategi for landbruksbasert næringsutvikling i Rogaland 2010 har desse prioriteringane:

1. Mat

- Bidra til nyskaping, utvikling av norsk matkultur, kompetansutvikling og FoU:

Lokal-/spesialprodukt innan råstoff-/ferskvarer-produksjon

- Utvikling av matprodukt med særpreg/kvalitetar som kan ta ut ein meirpris i marknaden.
- Utvikling av produkt og produksjonsmetodar for utvida sesong
- Prosjekt der produsenten har konkurransefortrinn

Vidareforedling av mat

- Fremja bedriftsetablering innan vidareforedling av lokale råstoff
- Produktutvikling (inkl. design) og kvalitetssikring av spesialprodukt som aukar konkurranseevna.

Kompetansetiltak, nettverksbygging og FoU

- Kompetansetiltak innan marknad og marknadsføring
- Etablering av nettverk i heile verdikjeda slik at produktutvikling kan ta utgangspunkt i marknaden/sluttbrukar sine preferansar.
- Nettverk mellom aktørar i verdikjeda og kompetanse-/FoU-miljøa i Matfylket for å stimulera til innovasjon innan mat.
- Leggje til rette for kompetansejevande utdanning innan mat
- Fremje kurs-tilboda frå kompetansenettverket for småskala matproduksjon.
- Utvikling og styrking av landbruksnæringa sin bedriftsleiarleiarkompetanse

- Utvikling av merkeordningar, auka marknadsadgang og gode distribusjonsløyserar
 - Utvikling og utprøving av alternative marknadskanalar
 - Samarbeid mellom produsentar og marknadsaktørar for bygging av merkevarer.
 - Fremje bruk av offentlege merkeordningar
 - Samarbeid mellom produsentar av spesialprodukt/økologiske produkt for lettare tilgang til marknadskanalar
 - Samarbeid innan pakking og distribusjon for å oppnå kostnadseffektive logistikk-løyserar og ta ut meirverdi i marknaden.
 - Samarbeid mellom matprodusentar og reiselivsaktørar.
 - Eksport av spesialprodukt frå Rogaland.
 - Synergjar mellom landmat og sjømat for å auka konkurransekrafta i marknaden

2. Økologisk matproduksjon og matforbruk

- Auke kompetanse om økologisk landbruk
 - Etablering og styrking av nettverk for å fremje samarbeid og informasjonsflyt innan økologisk landbruk.
 - Auke vekt på informasjon om økologisk landbruk for å auke kunnskapen. Eigne informasjonstiltak ovafor barn og ungdom.
 - Lokal demonstrasjon av økologisk landbruk.
- Auke primærproduksjon av økologiske varer
 - Kompetansetiltak om økologisk landbruk generelt og økonomien i øko-produksjon spesielt
 - Satsingar som støtter opp om dei regionale måla innan 2015
 - Tiltak som fremjar heile verdikjeda
- Auke foredling og omsetting av økologiske varer
 - Profilering av Økologisk Matkultur på ulike matarrangement og i media.
 - Kompetanseoppbygging for økologisk mat i storhushaldning
 - Abonnementsordningar
 - Motivasjon og kompetansesatsing i daglegvaremarknaden

3. Trevirke

- Tiltak basert på lokalt råstoff og vidareforedling.
- Tiltak som går på design, nettverksbygging og samhandling i heile verdikjeda
- Prioriteringar i tråd med Trebasert innovasjonsprogram.
- Tiltak med fokus på produkt- og marknadsutvikling
- Vidareutvikling av lokale trebedrifter.
- Kompetansetiltak med fokus på auka lønnsemd

4. Bioenergi

- Tiltak der landbruket står som hovud- eller totalleverandør av energi.
- Tiltak som støtter opp om dei strategiar og tiltak regionalplan for energi og klima i Rogaland har om primærnæringa.
- Større utbyggingar, bygningar eller hus som allereie er/blir tilrettelagd for denne energiforma, og med potensiale for ytterlegare auke i energileveransar har prioritet.
- Satsingar i tråd med bioenergi-programmet.
- Tiltak som utnyttar nye bioenergiformer som halm, oljehaldige vekstar, organisk avfall, husdyrgjødsel m.m.
- Kompetanseheving og informasjonstiltak med fokus på miljøeffektar og utnytting av lokalt råstoff.
- Råstoffleveransar med kopling mot andre satsingsområde som pleie av kulturlandskap og rydding langs vegar skal vektleggast.
- Nettverk og samarbeid om omsetting av ved frå Rogaland, samt etablering og utvikling av lokale vedprodusentar med ein viss storleik og god lønnsemd har prioritet.
- Realisere konkrete pilotanlegg med leveranse frå skogen.
- Tiltak som bidreg til å utvikle lønsame verdikjeder basera på bioenergi.
- Tiltak som bidreg til at ny teknologi og nye løyserar tas i bruk som gir auka effektivitet i produksjonsprosessen.
- Synleggjering av lokale fortrinn og effektar av auka utnytting av lokale bioenergiressursar.

fortsettning av Prioriterte tiltak innafør nye næringer

5. Bygdeturisme

- Utvikling, bevaring og berekraftig utnytting av landbruket sine ressursar
- Produktutvikling
 - Utvikle attraksjonar av nasjonal interesse med spesiell prioritet av tiltak i influensområdet til Ryfylkevegen, Magma Geopark og Avaldsnes
 - Støtte prosjekt/tiltak som er med på å bygge opp under merkevaren Matfylket Rogaland.
 - Støtte tiltak for etablering av eller ombygging til utleiehytter i samband med gardsturisme.
 - Stimulere til istandsetting av og ny næringsverksemd i bygningar som har spesielt fokus på kulturarven.
 - Legge til rette for tiltak innan mat- /helseaspektet.
 - Legge til rette for å aktivitetstilbud/skape opplevelser.
- Kvalitetsforbetringar og kompetanseutvikling
 - Auke kompetansen innan marknadsføring, vertskapsrolle, språk og administrering.
 - Nytte kompetansmiljøet til å kartleggje behov for kompetanse og kursing i produktutvikling
 - Utvikle, informere om og ta i bruk kvalitetsstandard for reiselivstilboda
- Profilerings, marknadsføring og sal
 - Støtte tiltak innan kulturbasert næringsutvikling som er med på å formidle mangfaldet i landbruket og den viktige kulturarven som landbruket er berar av.
 - Samordne og marknadsføre reiselivstilboda i fylket gjennom profesjonelle aktørar.
- Samhandling og nettverk
 - Vidareutvikle samarbeidet, bygge nettverk og støtte fellestilltak mellom bygdeturismen og anna reiseliv, destinasjonsselskap, turoperatørar og offentlege aktørar.
 - Stryke samhandlinga med aktørar i Måltidets Hus.
 - Etablere eit Forum for nye næringer

6. Inn på tunet

- Profilerings, marknadsføring og sal
 - Nyetableringar kor det er eit klart marknadspotensiale.
 - Stimulere til gode prosessar i kommunane for å identifisere behov og derav medverke til etablering av nye IPT-tilbod.
 - Stimulere hestenæringa til auka satsing på hesten som helse- og sosialarbeidar og pedagogisk medarbeidar.
- Kvalitetsstyring og kompetanseutvikling
 - Kvalitetstiltak innan internkontroll og produktinnhald, både innan nye og eksisterande bedrifter

7. Anna vare- og tjenesteproduksjon

- Kvalitetsforbetringar og kompetanseheving innan Bygdeservice-laga og verksemdar med liknande produksjon
 - Kvalitetstiltak innan internkontroll og produktinnhald
- Marknadsundersøking og produktutvikling innan hestenæringa
 - Marknadsundersøkingar, spesielt i bynære område.
 - Produktutvikling knyta til aktivitetar som Grøn omsorg og turisme.
 - Utvikling av eit betre overordna nettverk av ridestiar
 - Næringsmessig satsing på hest som del av omstillinga i landbruket og ved utnytting av eksisterande bygningsmasse. I regelen må marknaden styre utviklinga av tradisjonelle ridesentra/hestesentra nær større tettstader. Slike prosjekt har såleis låg prioritet.
- Pelsdyr
 - Finansiering av nyanlegg og ombygging av eksisterande anlegg i tilknytning til dagens produksjonsklynger i utkantar.
- Juletre og pyntegrønt
 - Marknads- og salsnettverk for å styrke marknadsposisjonen og ålmenne tiltak som aukar rekrutteringa til denne næringa.
 - Ordningar for vidareutvikling og nyetablering av juletre- og pyntegrønt-plantingar jf. kriteriedokument
- Mini- og mindre småkraftverk
 - Utgreiing av potensiale og organisering
- Nye næringer for kystbonden
 - Utgreiing av potensiale og investeringar i ny næringsverksemd som tek utgangspunkt i og/eller baserer seg på ressursane i strandsona/ved kysten.

Søk før oppstart av tiltaket

For søknader der prosjektet er gjennomført, eller der vesentlege delar av tiltaket er gjennomført, vil hovudregelen vera at søknaden vert avslått. Søk difor før du startar prosjektet.

Søknad

Søknad om BU-midlar skal sendast landbrukskontoret i kommunen der landbrukseigedomen ligg. Det er ikkje søknadsfrist for BU-midlar.

e-Søknad

Du kan søkja BU-midlar via internett. For søknadsinformasjon og rettleiing sjå www.innovasjon Norge.no/soknader/soknadsoversikt.

Søknadsskjema

Søknadsskjema for BU-midlane får du ved landbrukskontoret i kommunen eller på www.innovasjon Norge.no/soknader. I tillegg til utfylling av søknadsskjema bør du så godt som mogleg presentere deg sjølv og prosjektet ditt, sjå avsnittet om "Prosjektomtalen" nedanfor.

Prosjektomtalen

Denne bør innehalda følgjande moment:

- Om deg sjølv : bakgrunn (utdanning, arbeidserfaring o.l.)
- Forretningsidéen
 - kva for produkt/teneste
 - aktuelle kundar / marknadsvurdering
 - innteningspotensiale
 - konkurrentar
 - dine kvalifikasjonar for å starte med dette prosjektet.
 - dine sterke og svake sider
- Kva skal gjennomførast i stipendperioden?
 - opplæring, studietur o.l
 - planleggingsarbeid
 - marknadsundersøking
 - prøveproduksjon
 - mindre investeringar
 - marknadsarbeid
 - andre tiltak
 - framdriftsplan for stipendperioden
- Kostnadsoverslag
 - utgifter med dei planlagde tiltaka (eks. moms)
 - utviklingskostnader ("mjuke" tiltak) og investeringar ("harde") bør setjast opp kvar for seg
- Finansieringsplan
 - Etablerarstipend
 - Eigenkapital
 - Eventuelt lån i bank
 - Eigeninnsats

Vedlegg til søknaden

Saman med søknaden ber vi om at det vert lagt ved:

- næringsoppgåve, samt sjølvmeldingar siste 2 år for søkjar og ektefelle/sambuar
- teikningar for eventuelt byggjetiltak
- eventuelle offentlege løyve som kreves for å starte prosjektet (t.d. frå Mattilsynet)

Meir informasjon om prioriterte tiltak

For meir informasjon om BU-midlane og kva som er prioriterte tiltak, sjå www.innovasjonnorge.no/rogaland under landbruk. Eventuelt kontakt landbruksforvaltninga i kommunen, eller Innovasjon Norge .

Meir informasjon

På Innovasjon Norge si heimeside www.innovasjonnorge.no finnes mykje nyttig informasjon for etablering av bedrifter.

Sjå også desse nettsidene:

www.bedin.no, www.spor-oss.no og skape.no

Innovasjon Norge
P.B 8034
4068 STAVANGER
Tlf: 5154 5100
Telefaks: 5154 5103

rogaland@innovasjonnorge.no
www.innovasjonnorge.no